

Det ville ha vore ei magisk oppleving i fjellheimen vår men vergudane ville det annleis. Istaden vart det ei magisk oppleving i tradisjonsrike Helgheim der 150 fekk høyra 2 supertalantar frå Sunde og Haugesund.

Elsa Søllesvik (18) frå Sunde og Emilie Austrheim (17) frå Haugesund er allereie på Norgestoppen. Dei har sunge og komponert saman sidan dei var 13 og har forlengst laga overraskande modne produkt.

Det er noko heilt spesielt ved røystene deira og særleg då i kombinasjonen av dei. Under den tre kvarter lange konserten i dag var det trampeklapp frå ende til annan og den gåsehuden vi var lova var der heile tida.

Det vart eit passande og verdig punktum for ein fantastisk festival.

Konseten var eit samarbeid mellom Turlaget og Festidalen og vart greitt leia av Kjell Yri.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Magisk oppleving i Helgheim!